

Vikestølen 2018



Vikestølen 2018

Tone : Vi ere en nasjon vi med

Så ver velkomne enn eit år
til Vikestøl på stemne
I tanken vår han alltid står
ein stad me glade nemne
Her har me møtst og funne fram
Det beste i vårt gode kram
Her har me lytta til Gud ord
til hjelp i helg og yrkje!

Frå fjell og dal så kom dei her
Til Vikestølen gode
Her i naturen fri dei ser
Guds gode morgonrode
Her kunne dei igjen slå lag
ja, atter gå reint over stag
Her fekk dei høyra fridoms ord
som alltid gav ny styrke

La oss som dei i år som for
Få gjera same røynsle
Få atter komma i eit kor
der synd og sorg finn gøymsle
Då kan og me som før dei fekk
få gløyma det som gale gjekk
Igen få sjå vår Frelsarmann
den fridommen oss fagnar

Ja, dette er vår adelstand
frå himlen gitt her nede
Om me av ringe røter rann,
Gud vil om oss få brede
Sin kjærleik vil han alltid gi
så den vil lysa opp vår sti
Ja, gjera oss til ljøs og salt
- gi helg og kvardag glede

Så la oss samla oss igjen
ved denne gilde staden
så vil den gode eld som brenn
få samla oss i raden
Då kan me atter syngja pris
til Jesus Krist på englevis
Dei som i sangen gav beskjed
ein Frelsar stor er kommen!

Ja, lov og pris me syngja vil
deg Jesus Kristus Amen!
La alltid sangen strøyma til
Du tok bort synd og skammen
I staden gir du gåva god
ja, som me alt i himlen stod
I brudedrakta kvit og rein
og palmene i hender

Takk, takk at me igjen fekk sjå
ein dag på Vikestølen
Igjen me let eit minne stå
som reinsar oss frå knølen
Som alltid peikar på vårt boss
og let oss truga av vårt stoss
Vår Frelsar syner fram sitt kors
og bed oss følgja etter!

Så følgjer me hans fotefar
Han vil oss alltid føra
til å få takka vera snar
Det vil i livet nøra
den tru som Jesus har oss gitt
den tru som er oss alle blitt
den største eignalut og skatt
på jord i himlen – Amen!

Takk takk for denne største skatt
til oss på jord her nede
Han som i kjærleik døden batt
og knuste sorg og lede
No kan me syngja evig takk
for vegen som Han gjekk og brakk
den dødens store skrekk og gru
og gav oss livesens glede! Jjl 23.04.18